

# Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME i Helse Vest

## Handlingsplan 2016

---

### *Bakgrunn*

Hovudoppgåva til Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME er å bidra til at utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar med CFS/ME i Helse Vest held høg fagleg kvalitet, og at pasientane får likeverdig tilbod i HF-a. Til grunn for skissa av Handlingsplanen 2016 er rapport om «*utredning, behandling og oppfølging av pasientar med kronisk utmattingsyndrom CFS/ME i Helse Vest*» (2013) og Nasjonal rettleier frå 2014 som omhandlar «*Pasientar med CFS/ME: utreiing, diagnostikk, behandling, rehabilitering, pleie og omsorg*» frå Helsedirektoratet er blitt nytta. Andre aktuelle dokumenter har vore «*Forskrift om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator*» (2012).

### *Mandat*

Etter anbefalingar i rapporten: «*utredning, behandling og oppfølging av pasientar med kronisk utmattingsyndrom CFS/ME i Helse Vest, 2013*» har det Regionale kompetansenettverket fått følgjande mandat:

Kompetansenettverket søker å etablere gode pasientforløp med koordinering av tenestene. Nettverket skal utarbeide felles prosedyrar som bør vere like på tvers av HF-a. Kompetansenettverket skal legge til rette for erfaringsutveksling mellom HF-a og til kompetansehevingstiltak i regionen. Dei skal vidare planlegge og gjennomføre minst eit årleg seminar/konferanse for aktuelle tenesteytarar i regionen. Her skal kompetansenettverket vurdere om det er hensiktsmessig å invitere inn tenesteytarar frå primærhelsetenesta. I tillegg skal dei bidra til eit konstruktivt samarbeid på tvers av ansvarsnivå, inkludert primærhelsetenesta. Det vil vere hensiktsmessig å samarbeide med praksiskonsulentane i HF-a, samt et samarbeid med Nasjonalt kompetansenettverk for CFS/ME, for å sikre lik tilnærming nasjonal til gruppa.

### *Handlingsplan 2016*

I arbeidet med skissa av handlingsplanen for 2016 har den Regionale kompetansegruppa for CFS/ME kome med forslag til tiltak ut ifrå dei ulike punktane i mandatet. Mandatets hovudoppgåver er forsøkt forenkla og nytta som overskrift i kvart punkt i handlingsplanen med **utheva**

skrift. Tiltaka er formulert på bakgrunn av dei innspela kompetansegruppa ga i planmøtet i desember 2015 og oppfølginga i etterkant av dette. Tiltaka er presentert i underpunkter under kvart hovudpunkt.

### *Avtalte møter for 2016*

16-17 mars 2016, frå klokken 10.00 til 15.00 begge dagane

27 til 28 september, frå klokken 10.00 til 15.00 begge dagane

02. November 2016: Konferansedag i Stavanger

Gruppa deltek på konferanse i Oslo som omhandlar dei sjukaste CFS/ME pasientane 13 eller 18 April 2016

Nesttun 15.1.2016

### **Merethe Hustoft**

Stipendiat/Nettverkskoordinator

Regionalt kompetansesenter for  
habilitering og rehabilitering i Helse Vest



Telefon: 55 91 85 43/ 480 37 840/video:90 77 84

[www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab](http://www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab)

## HANDLINGSPLAN 2016

Kompetansenettverkets hovudoppgåve er å bidra til at utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar med CFS/ME i Helse Vest held høg fagleg kvalitet, og at pasientane får eit likeverdig tilbod.

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
1a (frå 2015)	<b>Etablere gode pasientforløp med god koordinering av tenestene:</b> 1. Fullføre tiltak første møtedag i mars 2016.	HF repr	Brukerrepr Andre?	2016	
1b (frå 2015)	<b>Utarbeiding av felles like prosedyrar på tvers av HF-a:</b> 1. Fullføre tiltaket første møtedag i mars 2016	HF repr	Brukerrepr Andre?	2016	
2	<b>Bidra til konstruktivt samarbeid på tvers av ansvarsnivå, inkludert primærhelsetenesta:</b>  1) Tilby rettleiing og kompetanseheving til ulike avdelingar i spesialisthelsetenesta 2) Utforme og utvikle spesialisthelsetenesta si rolle ovanfor kommunane 3) Etablere eit samarbeid mellom HAB/REHAB 4) Bli kjent med kommunanes sine oppgåver for pasientgruppa (IP/koordinator funksjonen i kommunen) 5) Utvikle tiltak for rettleiing og kompetanseheving til	HF repr	Brukerrepr Andre?	2016 2017	

	<p>kommunehelsetenesta</p> <p>6) Invitere og samarbeide med praksiskonsulentane for å planlegge tiltak ang. samhandling på tvers av tenesteområder</p>				
3	<p><b>Erfaringsutveksling mellom Helseføretaka:</b></p> <p>1) Utvikle program for skolering, opplæring og erfaringsutveksling til alle HF</p> <p>2) Undersøkje erfaringa vi har i Helseføretaka</p> <p>3) Planlegge og sette opp nettverksmøter</p> <p>4) Nettverksgruppa blir informert om PhD arbeid frå kompetansetenesta</p>	HF repr	Brukerrepr Andre?	2016 2017	
4	<p><b>Gjennomføre årleg konferanse</b></p> <p>1) Plan for innhald i seminar 2016 (detaljer seinare)</p> <p>2) Nytte brukarerfaringar</p> <p>3) Praktisk planlegging</p> <p>4) Samarbeide med Nasjonal kompetanseteneste for CFS/ME for bidragsytarar til seminaret/konferansen</p>	HF repr	Brukerrepr Andre?	2016	